

**Fra:** Erik Kvalheim (Erik.Kvalheim@etne.kommune.no)

**Sendt:** 01.06.2018 15:56:53

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** Vedr. Stødleterrassen. Etne kommune. Forslag til freding etter kulturminnelova § 19. Søknad om utsett høringsfrist.

**Vedlegg:** image001.png

Hei.

Viser til telefon med fylkesarkeolog Dag Aasen Sandved i dag og høringsdokument journalført hos oss 1.3.18.

Etne kommune ønsker å gi uttale i saka, men vi må be om utsett høringsfrist til kommunestyremøtet 18.09.18 (pluss eit par dagar for møteboka).

Underteikna har vore sakshandsamar i Etne kommune sidan fredingsprosessen starta i 2005. Saka er kompleks og viktig, og det er mykje historikk og saksdokument. Vår førre uttale var i september 2015. Vi må no setje oss inn i saka på ny, noko som er krevjande; dette i kombinasjon med redusert kapasitet på avdelinga vår siste halvår, og stor pågang av andre saker, gjer at vi må be om utsett høringsfrist. Vi har også ny rådmann sidan sist, som må setjast inn i problemstillingane.

På førehand takk. Ta gjerne kontakt, dersom spørsmål.

Med venleg helsing

**Erik Kvalheim**

Rådgjevar plan og miljø, Utvikling

Direkte: 53758221

Mobil: 98605972

E-post: [erik.kvalheim@etne.kommune.no](mailto:erik.kvalheim@etne.kommune.no)



ETNE KOMMUNE • Sjoarvegen 2, 5590 Etne  
Tlf. 53 75 80 00

[post@etne.kommune.no](mailto:post@etne.kommune.no)  
[www.etne.kommune.no](http://www.etne.kommune.no)

trygg • raus • engasjert

